

KONG EIRIK OG HUGALJOD -

Ein historisk ballade?

av Olav Solberg

Det er vanleg å skilje mellom ulike typar av mellomalderballadar (folkeviser), alt etter det emnet dei tek opp. I standardverket Norsk Folkediktning som inneheld restituerte tekstar, er det nytta følgjande inndeling: Heilagviser, kjempeviser, trollvisen, riddarviser, historiske viser og skjemteviser. Ei anna gruppering er brukta i Norske Balladar, eit redigert utval av originaloppskrifter. Her skil ein mellom naturmytiske viser, legendeviser, historiske viser, riddarviser, kjempe- og trollviser og skjemteviser.

Den klart minste gruppa av desse er dei historiske visene. Norsk Folkediktning har såleis med berre seks historiske viser, og svært mange fleire finst det ikkje spor av her i landet. Dette er noko ein här undra seg over - at det finst så få historiske balladar i Noreg, medan Sverige og særleg Danmark har så mange. Det er hevda at grunnen kanskje kan vere den at dei norske visene stort sett har blitt til i bondemiljø som ikkje hadde kjennskap nok til dei historiske hendingane eller ikkje brydde seg om dei. Elles er det blitt gissa på at nordmenn kanskje ikkje har funne det tenleg å framstille historiske hendingar i episk-lyrisk form, dvs. i balladar. Folk "kan ha tykt at denne nye diktemåten var lite høveleg for å fortelje om historiske hendingar. Slike emne skulle ein heller framstille på prosa, la dei få liv som soger eller segner" (Olav Bø: Norges Litteraturhistorie II, s. 484).

Dei få historiske visene som er funne i Noreg, knyter seg til tida rundt 1300, til den perioden da brørne Eirik Magnusson (1280 - 1299) og Håkon Magnusson (1299 - 1319) var kongar. Det gjeld viser som t.d. Falkvord Lommannsson og Herrekall lever fredlaus. Desse to visene fortel om adelsmenn og deira liv. Hendingane som ligg til grunn, har hovudsakleg samanheng med svensk historie. Fleire av dei historiske visene som er funne i Danmark og Sverige, skildrar adelsstanden, medan andre mest knyter seg til kongar og medlemer av kongehuset. I ei dansk oppskrift frå 1500-talet har vi såleis ei vise om Håkon Håkonsson, Kong Håkons død. I denne visa synest det likevel å bli fortalt både om Håkon Håkonsson og Håkon V. Magnusson - noko høver på kvar av dei to kongane, som truleg er blitt blanda saman i tradisjonen. (Gustav Storm: Den hellige kong Haakon og folkevisen om hans død. Historisk Tids-skrift 1877).

Men det ser ut til at Eirik Magnusson er den norske kongen som ballade-diktarane har vore mest opptekne av. Ei av dei visene ein har rekna for å vere historisk og fortelje om han, er visa om Kong Eirik og Hugaljod. I Norsk Folke-diktning er denne balladen da og oppført blant dei historiske visene, men i Norske Balladar står han blant riddarvisene.

Det knyter seg såleis tvil til plasseringa av Kong Eirik og Hugaljod. Og det er ikkje merkeleg - mangt ved balladen verkar så usikkert at ein kan tvile på om det i det heile finst nokon historisk kjerne i han. Men nettopp det gjer

det freistande å sjå nærmare på denne balladen og spørje om det likevel ikkje er slik at han på sentrale punkt er historisk og såleis retteleg høyrer heime blant dei historiske visene.

Først må vi likevel kome inn på omgrepene "historisk". Kva meiner vi med ein "historisk ballade"? Sjølv sagt er alle mellomalderballadar historiske - i den forstand at dei direkte og indirekte gjev oss kunnskap om menneske og samfunn i tidlegare tider. Det kan vere konkrete opplysningar som gjeld klede, våpen t.d. - eller det kan vere tale om truer, førestellingar, haldningar.

Dette er likevel ein alt for vid definisjon til at han kan vere tenleg. På eit eller anna vis må ein ballade for å vere historisk, seie noko om ei verkeleg historisk hending, ei hending vi kan kontrollere gjennom andre kjelder. I artikkelen Historie og munnleg historisk visetradisjon. (Opphavleg i Nordisk seminar i folkedigting I, Kbh. 1962, her sitert etter Norveg 16) skriv Svale Solheim om dette problemet. Han seier m.a. at han til dei historiske visene vil rekne "berre slike som direkte eller indirekte har rikshistorisk interesse ..." (s. 97).

I artikkelen hevdar Solheim vidare at for å kunne kome nokon veg i studiet av historisiteten i visene, må ein ikkje late det bli med ei leiting etter konkrete historiske detaljar. Nett konkrete detaljar og opplysningar har lett for å slipast bort i tradisjonen. Viktigare må det vere å prøve å finne fram til dei haldningar som visene kan

spegle av, jamvel om dei konkrete detaljane ofte vantar eller ikkje er i samsvar med det vi veit frå andre kjelder. Haldningar og førestellingar må da søkjast i motiv, i symbol, i biletbruk og personkarakteristikk. Sagt på ein annan måte: Visa må sjåast på ut frå sine særeigenskapar som munnleg diktning underlagd episke lover.

Dette er i samsvar med tankar som bl.a. Moltke Moe har gjeve uttrykk for, såleis t.d. i artikkelen om Kungssonen av Norigs-land: "Den såkaldte historiske ballade er ikke historisk i almindelig forstand; den er et digterisk speilbillede af historie, - af tildragelser eller personligheder som har grebet folkefølelsen og sat fantasien i bevægelse. Som lyset i en prisme bryder begivenheten sig i folkets tænkesæt og nedarvede forestillinger, og spiller, før man ved ord af, i farver som historien ikke kjender. Hvad de historiske viser gjengiver, er altså ikke historiske kjendsgjerninger, men det indtryk som kjendsgjerningene gjorde på samtid og en nær eftertid" (Moes uth.) (Moltke Moe: Samlede Skrifter I, s. 179). Definisjonen av historiske viser i Norske Balladar føyer seg naturleg inn i denne samanhengen: "Til denne gruppa hører balladar som fortel om historiske personar og hendingar, og dei gjev ofte uttrykk for foikelege reaksjonar på det som har hendt" (s. 115).

Det synest altså å vere relativt klart kva vi kan leggje i omgrepet "historisk ballade". Historisiteten bør vi først og fremst søkje i dei haldningar og førestellingar som har nedfelt seg i balladen. Ei anna sak er det sjølv sagt at det er lett å bli lurt når det ein leitar etter, er så vagt

som haldningar og kjensler. Haldningane kan t.d. vere så allmenne at dei vanskeleg kan knytast til bestemte miljø og personar. Og nett det allmenne er karakteristisk for munnleg diktning. Her kjem og problema kring tradisjonsprosessen til. Når visene har gått i tradisjonen frå slekt til slekt i fleire hundre år, vil haldningar frå mange tidsplan gjere seg gjeldande. Det kan vere vanskeleg å avgjere kva som er sekundært og kva som er primært.

Ved all tekstanalyse står ein i fare for å "presse teksten". Denne faren er nok heller større enn mindre når teksten er ein ballade som representerer fleire generasjonars oppfatning, noko som har ført til bortfall, tildiktning og om-laging.

Når utgangspunktet mitt er å undersøkje om det finst historisitet i Kong Eirik og Hugaljod, risikerer eg sjølv sagt å gå i dei fellene eg har nemnt. Eg vonar likevel at det vi veit om norsk historie frå tida rundt 1300, vil verke som ei bremse og hindre dei store mistaka.

Det som er klart, er at Kong Eirik og Hugaljod til nå er blitt rekna som ei historisk vise. I Utsyn over gammal norsk folkevisediktning som inneholder merknader til 195 folkeviser, står merknadene til denne visa under "Sogeviser". Av merknadene går det fram at den kong Eirik det er tale om, truleg er Eirik Magnusson. Sikrare er Halvdan Koht. I Norske Dronningar (særprent frå Syn og Segn) heiter det m.a.: "Men endå kan vi då skjønne at denne kong Eirik, han som "sit'e i Bærens by", han er ingen annan enn Eirik

Magnusson". (s. 36), I band VII av Norsk Folkediktning finn vi som nemnt visa blant dei historiske visene. I merknadene heiter det m.a. at viseemnet "på ein eller annan måte heng i hop med historiske hendingar i kong Eirik Magnussons dagar". Men det blir lagt til at slik visa er i dag, er ho "nærmast ei romantisk vise om ein kong Eirik og hans elskhug til ei bondedotter". (s. 292). I den tidlegare nemnde artikkelen i Nordisk seminar i folkedigtning I kjem Svale Solheim inn på Kong Eirik og Hugaljod. Han meiner at visse haldningar i teksten kan gje oss grunnlag for å kalle visa historisk. Men han strekar og under at visa i dag står fram som ei romantisk kjærleiksvise.

Det er vel ein tankegang som denne som gjer at visa i Norske Balladar er oppført blant riddarvisene. Emnet er så allment at det ikkje kan knytast til kong Eirik Magnusson. Det synest berre å vere ei vanleg kjærleiksvise der "kong Eirik" ikkje tyder noko. Før vi nå går over til å sjå på sjølve teksten, kan det vere nyttig å skissere noko av den historiske bakgrunnen. Kva veit vi om kong Eirik Magnusson og rikspolitikken i hans styringstid?

Eirik Magnusson var fødd i 1268 og levde berre til 1299. Han var konge frå 1280 da far hans, Magnus Lagabøte, døydde. Mor hans, dronning Ingeborg, som var dotter til den danske kongen Erik Plogpenning, levde lenger, til 1287. Det er vanleg oppfatning bland historikarar at Eirik Magnusson aldri vart nokon sterk konge. I eit par år, frå 1280 til 1282, var det eit formyndarstyre samansett av stormenn som sat med makta. Men også seinare var det dei som rådde.

"Formynderstyret betegner en svær vekst for stormandsklassens magt i Norge, og det blir ikke stor forandring, da Eirik mot slutten av 1282 blir erklært myndig; han lar sig fremdeles lede av moren og andre ..." (Edvard Bull: Norsk Biografisk Leksikon III, s. 489). Heile perioden frå 1280 til 1299 er prega av "stormannsstyre i kongens navn" (Knut Helle: Norge blir en stat). Namna på fleire av dei mest sentrale stormennene er kjende, såleis Bjarne Erlingsson frå Bjarkøy-Giske, Audun Hugleiksson frå Hegranes og Alv Erlingsson frå Tornberg. Forutan dei verdslege stormennene blir og enkedronninga Ingeborg nemnd som ein sterk person.

Makta til stormennene viser seg ved at dei på fleire område fører ein ny politikk. Det gjeld t.d. tilhøvet til kyrkja som blir svært därleg. Stormennene gjer inngrep i dei økonomiske rettane som kyrkja hadde oppnådd, og erkebiskopen svarar med bannlysing av framståande stormenn.

Ei anna endring skjer i utanrikspolitikken. Stormennene freistar å føre ein meir aktiv politikk overfor utlandet. Noreg kjem i strid både med Danmark og hansabyane. Det har samanheng med dette at stormennene prøvde å få i stand eit godt forhold til England og Skottland. Og her kjem da kong Eirik inn, nærmast som eit middel i ein vestleg tilnærningspolitikk som også var meint å gje Noreg økonomiske føremonar. Det vart forhandla cm giftarmål mellom den norske kongen og dotter til Alexander III av Skottland, Margareta, og i 1281 stod bryllaupet mellom den trettenårige kongen og den tjue år gamle prinsessa. Året etter fekk Margareta ei dotter - ho fekk det same namnet som mora - men alt i 1283 døydde

dronning Margareta.

Men i 1290 vart den unge Margareta sendt til Skottland. Det var meinings at ho skulle gifte seg med den engelske tronfølgjaren og bli skotsk dronning. Ho kom aldri fram, men døyde på ferda til Skottland.

Kong Eiriks andre ekteskap var eit utslag av den same tilnærnings- og vinningspolitikken overfor Skottland og England. Han vart gift på nytt i 1293 med Isabella Bruce, sonedotter til den skotske tronpretendenten Robert Bruce. Også i dette ekteskapet fekk Eirik ei dotter, Ingebjørg, som seinare vart gift med den svenske hertugen Valdemar Magnusson.

Det vi altså kan slå fast om kong Eiriks politiske rolle, er at han var eit middel i politikken til stormennene, og at det var gjennom dei to giftarmåla med skotske prinsesser at denne politikken klarast kom til syne. Spørsmålet blir så: Kan denne kjennskapen vår til generell politisk orientering i Eirik Magnussons tid - saman med meir konkrete utslag av denne politikken som vi seinare skal kome attende til - hjelpe oss på veg når vi leitar etter den historiske kjernen i Kong Eirik og Hugaljod?

Vi skal gå over til å sjå på sjølve balladen. Han er berre funnen i Noreg. Eg tek utgangspunkt i dei to oppskriftene som er prenta i Norske Balladar. Den eine oppskriftena er frå 1840-åra av Landstad, etter Bendik Felland, Skafsdå, Mo i Telemark, den andre frå 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Bjønnemyr, Mo i Telemark. Oppskriftena etter Bendik Felland

er den lengste, på 34 strofer, medan den andre oppskrifta har 25. Begge oppskriftene har med dei same hovudbolkane, men Bugges oppskrift verkar meir sekundær, meir knytt til det lokale. Her finn ein såleis stadnamnet "Grønelihei" som er namnet på ei heistrekning mellom Høydalsmo og Åmot i Vest-Telemark. Det er og andre detaljar som tyder på at oppskrifta etter Jorunn Bjønnemyr ikkje berre representerer eit nyare steg i tradisjonsprosessen, men og delvis har endra karakter. Eg reknar såleis med at Landstads oppskrift som er gjort om lag tjue år før Bugges, er den mest opphavlege, og vil leggje hovudvekta på den.

Noko av det som gjer visa om Kong Eirik og Hugaljod problematisk, har med visestrukturen å gjere. Visa fell i tre hovudbolkar. Hos Landstad går første bolken frå og med strofe 1 til og med strofe 21, andre frå og med strofe 22 til og med strofe 31 og tredje frå og med strofe 32 til og med strofe 34. I Bugges oppskrift er det strofene 1 - 17 som utgjer første bolken, strofene 18 - 23 andre og strofene 24 - 25 tredje.

Den første bolken fortel om kong Eirik som "bor i Bergens by". Kongen seier at han vil finne seg ei dronning, og det er Hugaljod han har sett seg ut. Ho lever i Sverige. Men dette rår mora og biskopen han frå - for di "Hugaljod är bäre ei bondedotter". I andre bolken får vi vite at Hugaljod brått blir farleg sjuk. Ho sender bod til kongen om å kome fort - og det gjer han. Men han kjem likevel så seint fram at Hugaljod dør i det same han går inn i romet der den sjuke ligg. Den tredje bolken seier noko heilt anna, nemleg at Hugaljod ikkje er død likevel - ho kjem attende til dei lev-

ande. Ho og kong Eirik lever "ihop i al sin aldri", og får mange barn saman.

Det kan vere naturleg å ta til med strofene i den tredje og siste bolken. Det ser ut til at dei er sekundære i høve til resten av visa. I merknadene til den restituerte teksten i band VII av Norsk Folkediktning heiter det såleis at dei siste strofene må vere settet til seinare. "Dei skil seg i tone og stil sterkt ut frå dei mellomalderlege visene og står nærmare gatevisene og den yngre allmugepoesien" (s. 293). Dette må vere ei rett oppfatning. Sluttstrofene er romantiske i tonen. Den harmoniserande problemløysinga dei legg opp til, verkar utilfredsstillande slik situasjonen i visa er. Vi forstår innhaldet i strofene slik at kong Eiriks sorg over Hugaljod er nok ikkje berre til å vekkje henne opp frå dei døde ei kort stund, men også til å gjøre henne frisk att som om ingen ting hadde skjedd. Skildringa av den vidare lagnaden til Hugaljod og kongen er halden i ein harmonisk og lykkeleg tone. Men det er ei nokså triviell lykke som er uttrykt i det at dei får så mange barn - elleve døtrer og ein son. Og når vi så får høyre at dei to hovudpersonane - gamle og mette av dagar - sovnar "frå dessi synduge dalar", synest visa å uttrykkje ei religiøs haldning som snarare knyter seg til 1800-tals pietisme enn til katolsk tru. Særleg gjeld dette Bugges oppskrift.

Den andre hovudbolken i visa skildrar korleis Hugaljod blir farleg sjuk. Men her er det tydeleg at den norske visebolken heng saman med den danske visa om Dronning Dagmars død. Det same emnet finn vi dessutan i det færøyske Margretu-kvæði.

Den danske visa fortel om sjukdomen til dronning Dagmar, død 1212, som var gift med Valdemar Seier (1170 - 1241), korleis ho døyr i barselseng rett før kongen når fram til henne. Saman med alle som er til stades, bed kongen til Gud om at Dagmar må få vende attende til dei levande slik at ho kan tale til han. Det skjer og, men Dagmar får berre vere blant dei levande ei kort stund, så må ho tilbake.

"Hør I det, min edelig herre,  
vil I mere aff mig vide:  
der sidder Guds engel i Himmerig,  
de monne fast effter mig lide".

Danmarks Gamle Folkeviser III (DGF III) (s. 214).

Både den norske og den danske visa syner likskap i fleire motiv. Begge stader er dei to hovudpersonane langt frå kvarandre når sjukdomen set inn, og både Dagmar og Hugaljod sender bod til kongen om at han må kome snøgt. Vidare er det i begge visene smådrengen som kjem ridande med bodet til kongen. I Dronning Dagmars død står kongen "paa høylofftsbro" når smådrengen kjem, i Kong Eirik og Hugaljod står kongen og ute, "sveipt i mår". Begge visene strekar sterkt under kor snøgt kongen rid når han først har fått bodet. I den norske visa rid han like fort som fuglen flyg, i den danske er det berre Dagmars smådreng som kan halde følgje med han - dei hundre sveinane som er med, blir etter. I begge visene døyr den kvinnelege hovudpersonen anten like før eller i det same kongen kjem inn, og begge stader vender ho attende til livet.

Men noko er og ulikt i den danske og norske visa. Dronning Dagmar døyr i barselseng, medan vi ikkje får vite noko om den sjukdomen Hugaljod lid av. Og i visa om den danske dronninga bed kongen til Gud om å få tale med henne. Kong Eirik bed ikkje, han berre syrgjer. Dronning Dagmar må vende attende til dei døde, medan Hugaljod blir frisk att. Dessutan kjem Dagmar med tre bøner til kongen før ho må attende.

Vidare har visa om dronning Dagmar med fleire personar enn den andre bolken i Kong Eirik og Hugaljod. Vi får høre om Dagmars terner, "iomfruer oc møer", av dei blir "liden Kirsten" nemnd særskilt. Valdemar rid av garde med hundre sveinar - Eirik rid aleine saman med smådrengen. I den danske visa held kongen til på "Gullandsborg" (Gotland) - dronninga ligg sjuk i Ribe. Den norske visa har derimot ikkje stadnamn i denne bolken. På slutten av visa nemner Dagmar namnet på to historiske personar, den seinare dronninga Berengaria og hennar eigen son Knud. Elles er Dagmars haldning til sjukdomen, til død og straff, i samsvar med katolsk tru. Ho fortel om skirseiden som ho har vore i for di ho har gjort noko småarbeid om søndagen.

Det som er klart, er at emnet for den andre bolken i Kong Eirik og Hugaljod finst både i dansk og færøysk versjon. Den danske visa er truleg den opphavlege. Men jamvel om vi har å gjere med lån frå ei dansk vise, kan det i seg sjølv tyde på at delar av den norske visa er historiske. Det synest rimeleg at ei vise som på førehand er historisk, lettare vil kunne ta opp i seg element frå andre historiske viser enn frå andre slag viser. I alle fall er emnet for den andre

bolken i visa historisk - men ikkje primært knytt til kong Eirik og dronninga hans, derimot til ei dansk dronning. Og ho fekk ein lagnad som ikkje var ulik lagnaden til kong Eiriks første dronning. Dette kjem vi attende til.

Det som da står att, er den første bolken. Finst det noko der som kan tyde på at vi har å gjere med ei historisk vise? Det som finst av kontrollerbare opplysningar, er ikkje stort. Vi har namnet på kongen, Eirik, som vi reknar med er Eirik Magnusson. Vidare blir det sagt at Eirik bur i Bergen. Bergen var da og Eirik-Magnussons residensstad, så dette kan vi ta som ei korrekt opplysning. Eirik Magnusson fekk kongenamn i Bergen i 1273, i 1280 vart han krona der. Bryllaupet med Margareta stod i Bergen i 1281, og han døydde i Bergen i 1299, 13. juli.

Det heiter og i visa at Eirik "spyre sin moder om råd". Dette høver bra med det vi veit om enkedronning Ingeborg. Kjeldene fortel at ho var ein aktiv person så lenge ho levde og at ho hadde innverkand på sonen Eirik.

Men dette er og dei opplysningane som kan seiast å vere nokolunde sikre. Namnet "Hugaljod" kan ikkje vere eit historisk namn. I band VII av Norsk Folkediktning er namnet forklart slik: "Hugaljod er ikkje noko særnamn, men ei poetisk nemning, eit slag kvinne-kjenning, samansett av hljóð f. av gn. adj. hljóðr tagal, still og huga av hugje m. hug, kjærleik; ordet tyder derfor: ho som er still og sutfull i hug (eller i kjærleik)" (s. 293). Opplysninga om at Hugaljod bur i Sverige kan da heller ikkje kontrollerast, men namnet

"Sverig londi" kan kanskje likevel forklarast. Det er vel mest truleg at namnet berre tyder "eit anna land" eller "langt borte". Slik bruk av namn på land er ikkje uvanleg i folkevisene. Men det er og tenkjeleg at det ligg noko meir bak uttrykket "Sverig londi". Frå 1319 fekk Noreg og Sverige felles konge. Og alt tidlegare hadde dotter til kong Håkon V, prinsesse Ingebjørg, blitt gift med den svenske hertugen Erik. Det var son deira, Magnus, som vart norsk og svensk konge i 1319. Vi kan såleis tenkje oss at tradisjonen på dette punktet har blanda saman dei to Eirik'ane og prinsessene dei gifte seg med.

Andre personar som blir nemnde, er Hugaljods to systrer, og "Thomes biskupen". Systrene blir nemnde i ein samanheng som gjer det naturleg å sjå dei som symbol meir enn som personar, og heller ikkje er det likt til at det på Eirik Magnussons tid levde nokon norsk biskop som heitte Thomes eller Thomas. Alt i alt er det lite, faktisk berre eit par namn, som knyter visa til ein historisk periode.

Vi må da freiste å sjå på visa som litteratur. Det er mogleg at vi på den måten kan kome noko lengre på veg. Noko av det første ein merker seg i visa, gjeld personen Hugaljod. Ho har karaktertrekk utanom det vanlege. Ho synest tydeleg å vere særleg knytt til kyrkja, såleis blir det streka under at Hugaljod "ville til kjyrkjunne gåe". Dette kjem fram rett etter at kong Eirik har fridd til henne, så ein kunne kanskje venta ein meir verdsleg reaksjon frå henne. Og når visa skildrar Hugaljod i kyrkja, får vi eit klart inntrykk av at det ikkje berre er venleiken hennar folk legg merke til, men

og det fromme sinnelaget hennar:

Og det var fruva Hugaljod  
ho gjæk seg på kjyrkjgård  
det lyser af henes hovudguld  
endå meir utaf hennes hår.

Vi anar glorian i biletet med lysande "hovudguld" og hår.

Hugaljod er dessutan merkeleg tilbakehalden overfor kongen. Ho dreg seg attende når han nærmar seg, tek "ein annen veg" for å unngå han. Det er som ho medvite viser frå seg ei lykke dei fleste andre ville gripe med stor iver. Strofe 13 i Landstads oppskrift gjev oss truleg noko av forklaringa på kvifor Hugaljod er så tilbakehalden og har så fromt sinnelag: "her bere så mangt uti minni mitt ..." - ho går med tankar som tyngjer henne. Veit ho noko om sin eigen lagnad - om kva som kjem til å hende?

Kong Eirik er mindre interessant. Han står fram som den pågåande friaren - den som ikkje vil gje opp trass i alle hindringar. Så gripen av kjærleik til Hugaljod er han, at han bryt vanlege normer for takt og tone. Han kysser henne i kyrkja - "vyrde einki kven det såg".

Det er vidare eit hovudpoeng i den første bolken at det blir lagt hindringar i vegen for Eiriks kjærleik til Hugaljod. Kongen bed om å få gifte seg med den vakre og rike Hugaljod, men mor hans seier nei. Det same gjer Thomes biskopen, og både han og mora brukar same argumentet: Hugaljod er ei bondedotter og er derfor ikkje noko høveleg gifte for ein

konge. Men mykje tyder på at dette standsskilnad-motivet må vere sekundært i visa. Hugaljod er tvertimot skildra som ei høgætta kvinne. Det er ingen ting i vegen for at ho er ei kongsdotter, der ho "gjeng i sin urtehaji". Ein kan tenkje seg at standsskilnad-motivet har kome til i tradisjonen for di dette var noko folk hadde kjennskap til frå sitt eige miljø.

Dei som elles stiller seg hindrande til giftarmålet mellom Eirik og Hugaljod, er Hugaljods vener og frendar, og særleg systrene hennar. Hugaljod må - trass i at ho er ei høgætta kvinne - ha løyve av frendane sine før ho kan gifte seg. Men systrene kjem i ei anna stilling enn vener og frendar. Systrene er ikkje berre "vrange og vrei", dei spør og Hugaljod om ho har løyndesorg. Det kan ligge i dette spørsmålet ei minning om at dei to kjenner til Hugaljods lagnad. Dei ynskjer henne vondt, representerer negative haldningar. Systrenes rolle kan jamførast med den småsveinen har. Både han og dei kjem med bod. Men smådrengen seier frå om ting som har hendt, systrene minner om kva som vil hende.

Kan da innhaldet i første bolken av visa på rimeleg måte knytast til den historiske kong Eirik Magnusson? Så vidt eg kan sjå, må vi svare ja på det spørsmålet.

Jamvel om det i dag finst få norske historiske balladar, er det ikkje noko merkeleg i at ein ballade som denne skulle handle om Eirik Magnusson. Det er heller naturleg, for vi veit at det har funnest ein annan ballade med tilknytning til han og stormannsmiljøet rundt han, den såkalla Margretevisa.

Denne visa har vi i dag berre i versjon frå Færøyane, frå Noreg finst berre eit par strofer. Det har og eksistert ei vise om stormannen Alv Erlingsson som var ein av dei mektigaste mennene ved kongehoffet i 1280-åra. Når det først er blitt dikta balladar om ein konge og miljøet rundt han, er det rimeleg at det i seg sjølv kunne inspirere til fleire. Frå Danmark finst det såleis fleire balladar om Valdemar Seier og dronning Dagmar.

Men, kan det tenkast andre grunnar til at det nett skulle kome opp balladar om Eirik Magnusson og adelsmiljøet rundt han? Her synest det rimeleg å peike på dei politiske tilhøva i Noreg jamført med dei i Sverige og særleg Danmark. Noreg skil seg ut frå grannelanda ved at kongedømet stod sterkare her og at adelen var veikare. Den føydale oppløysinga hadde gått lenger i Danmark og Sverige enn i Noreg. Danmark heldt på å løysast opp i ulike len. Det vart alvorlege stridar mellom konge og adel, mellom adel og kyrkje, mellom ulike adelsherrar. I Danmark gjorde ein del av adelen opprør - kong Erik Klipping vart myrda i 1286. I Sverige var det i ei årrekke ufred mellom sønene til Magnus Ladulås, Birger, Erik og Valdemar. Birger tok i 1317 dei to brørne sine til fange og let dei drepe i fengslet. Det er naturleg å tenkje seg at tider der slike og liknande hendingar var relativt vanlege, også kunne by på fengslande emne for balladediktning. Dette var godt stoff; spennande, dramatisk og aktuelt. Seinare vart det og historisk stoff.

Den same situasjonen var det ikkje i Noreg, med ei etter måten sterk og sentralistisk kongemakt. Men nett under Eirik

Magnusson fanst det tilstandar som kunne minne noko om danske og svenske tilhøve. Kongen var ei stund berre eit barn - så lenge han levde var han eit middel for stormennene. Dei fekk frie hender til å spele ut sine politiske kort - ikkje mot kongen - men mot kyrkja. Etter at Eirik var død i 1299, stramma så broren Håkon V tøylane att, og den oppløysinga vi ser konturane av under Eirik, blir det ikkje noko av i første omgang. Etter 1319 gjekk oppløysinga vidare, men da hadde ikkje Noreg lenger eigen konge.

Dette må vere hovudgrunnen til at dei fleste historiske visene med norske emne, knyter seg til kong Eirik og krinsen rundt han. Det var under denne kongen at dei beste vilkåra fanst for historisk balladediktning. Sett på spissen kan vi seie om situasjonen i Noreg at graden av føydal oppløysing er avgjerande for diktning av historiske balladar.

Herifrå kan vi kanskje kome vidare til spørsmålet om kvifor det finst så få historiske viser i Noreg. Det har sikkert ikkje noko å gjere med manglande historisk interesse. Vi veit av anna munnleg diktning at den historiske interessa slett ikkje var mindre i Noreg. Heller ikkje er det grunn til å tru at tradisjonen skulle ta därlegare vare på historiske viser enn andre. Det må heller vere slik at det i det viktige tidsrommet frå midten av 1200-talet og frametter ikkje var så mange historiske emne som balladediktarar fann interesse i. Da går vi ut frå at dei visene vi i dag kallar historiske, ikkje primært var det da dei vart dikta. Det må vere rettare heller å sjå dei som samtidviser (i vid tyding), politiske viser, viser som fortalte om spennande hendingar

blant adelen og i tilknytning til kongen. Men når det norske kongedømet var så sterkt og adelen så veik - både i tal og politisk makt - var ikke føresetnaden til stades for dikting om dramatiske hendingar med historiske personar som aktørar, bortsett frå perioden under Eirik Magnusson.

Med føydal oppløysing og opne motsetningar mellom stormenn og kyrkje som bakgrunn, synest det lettare å finne den historiske kjernen i første bolken av Kong Eirik og Hugaljod. Det blir altså fortalt om Eiriks kjærleik til Hugaljod, kongen ynskjer å gifte seg med henne. Vi veit at Eirik var gift to gonger i sitt korte liv, med skotske prinsesser. Emnet kan såleis naturleg knytast til han.

Eiriks første dronning heitte Margareta - slik og dotter hans gjorde, ho som i 1290 vart sendt til Skottland, men som døydde på Orknøyane. Ti år seinare kom det ei kvinne frå utlandet til Bergen. Ho påstod at ho var Margareta, dotter til Eirik Magnusson. Stormenn og konge trudde ikke på det, og ho vart dømd for landssvik og brend på Nordnes. Men delar av presteskapet og folk flest må ha trudd at kvinnen tala sant - for ho vart seinare dyrka som helgen og det vart bygt ei kyrkje til ære for henne. (Sjå Svale Solheim: Historie og munnleg historisk visetradisjon).

Men det var og fleire trekk ved den eldre Margareta, kong Eiriks dronning, som kunne få folk til å halde henne for - om ikke noko heilagmenne - så i alle fall for uvanleg from. Dette at ho døydde så ung, kan ha verka med til ei slik oppfatning - særleg når ho døydde på barselseng. Dessutan kan

likskapen mellom henne og dottera ha hatt noko å seie. Begge heitte Margareta, begge døydde i ung alder. Dei var begge prinsesser og hadde tilknytning til eit anna land. Skildringa av Hugaljod kan såleis gå attende på ei vanleg oppfatning av dronning Margareta og dotter hennar i samtidia eller den nærmaste ettertida.

Vidare vil eg leggje vekt på det som blir sagt om mora og biskopen. Dei vil hindre kongen i å gifte seg med den han ynskjer, og må ha andre planar for han. Vi har altså ein representant for kyrkja - som og er stormann - og ein representant for kongehuset med visse forventningar til kongens giftarmål. Kva dei eigentleg ynskjer, får vi dessverre ikkje vite.

Det er sagt ovanfor at vi kan gisse på at det med mor til kongen er tenkt på dronning Ingeborg. Det kan sjølv sagt ikkje seiast sikkert. Men berre det at mora er nemnd og ikkje faren, er vel eit argument i den lei. Til vanleg var det nok kongen som hadde mest å seie når tronfølgjaren skulle finne eit høveleg gifte, ikkje dronninga. Far til Eirik, Magnus Lagabøte, var død da giftarmålet med Margareta av Skottland kom i stand. Han kunne da ikkje spørjast om råd, men dronning Ingeborg levde til 1287.

Vi finn da at det i visa kjem fram følgjande viktige trekk: Det er motsetning mellom kongens personlege ynske om giftarmål, og planane til representantar for stormannskrinsen rundt han. Kongen ynskjer å følgje kjærleikens bod, representantane for stormannskrinsen tenker annleis. Om grunn-

gjevinga "du skal einki taka noko bondedottir", truleg er sekundær, kan den likevel seiast å uttrykkje noko av interessene som mora og biskopen har. Det viktigaste for ei framtidig dronning er posisjon og rikdom, ikkje om kongen er glad i henne. Rett nok veit vi ikkje om Eirik hadde noko personleg ynske om å gifte seg med ein bestemt person, men det viktigaste er at så lett kunne tenkjast.

Her har vi da noko av det sentrale ved begge Eirik Magnussons giftarmål. Begge kom i stand ut frå politiske og økonomiske omsyn, og det var stormenn og i følgje tradisjonen mor hans som sette planane ut i livet. Det var nok dei verdslege stormennene som spela den viktigaste rolla i ekteskapspolitikken, men det var da menn frå kyrkja med og, såleis t.d. biskop Narve i Bergen. Han var med på sendeferda til Skottland i 1290.

Det verkelege historiske innhaldet i første bolken av visa kan såleis seiast å vere det biletet vi får av Eiriks dronning som eit særleg fromt menneske. Ho synest å kjenne sin eigen lagnad: å døy i ung alder. Vidare er det grunn til å kalle historisk skildringa av motsetninga mellom dei giftarmålsplanane som mektige personar i krinsen rundt kongen hadde, og dei tenkte personlege ynske kong Eirik sjølv kan ha hatt.

Som alle andre balladar er denne anonym. Men av tendensen i første bolken kan kanskje noko likevel seiast om diktaren. Han må ha hatt kjennskap til hendingar i norsk politikk på Eiriks tid og vore klar over dei motsetninga som fanst. Det er derfor lite truleg at han har hørt til folket, all-

mugen. Da er det meir rimeleg at han har vore ein geistleg person. Er visa blitt til nokolunde samtidig med hendingane, må han ha stått i motsetning til dei som politisk var før-ande under Eirik. Er visa dikta noko seinare, har han likevel hatt kjennskap til stridane i 1280- og 1290-åra, og har teke parti mot stormennene i regjeringskrinsane.

#### LITTERATUR

- Blom, Adel Gjøstein og  
Olav Bø:  
Norske Balladar. Oslo 1973.
- Bø, Olav:  
Folkediktinga. Norges litteratur-historie. Bind II. Oslo 1975.
- Bull, Edvard:  
Eirik Magnusson. Norsk Biografisk Leksikon. Bind III. Oslo 1926.
- Grundtvig, Svend:  
Danmarks Gamle Folkeviser. Bind III. Kbh. 1862.
- Heggstad, Leiv og  
H. Grüner Nielsen:  
Utsyn over gammal norsk folkevisediktning. Kra. 1912.
- Helle, Knut:  
Norge blir en stat. Oslo 1972.
- Koht, Halvdan:  
Norske dronningar. Oslo 1926.
- Liestøl, Knut og  
Moltke Moe:  
Norsk Folkediktning. Band VI og VII. Oslo 1958. (Utg. ved Olav Bø og Svale Solheim).
- Moe, Moltke:  
Samlede Skrifter. Bind I. Oslo 1925.
- Solheim, Svale:  
Historie og munnleg historisk visetradisjon. (Nordisk seminar i folkedigting I). Kbh. 1962.
- Storm, Gustav:  
Den hellige kong Haakon og folkevisen om hans død. Hist. tidskrift. 1877.
- Storm, Gustav:  
Audun Hestakorn og St. Margrete paa Nordnæs. Hist. tidsskrift 1884.

KONG EIRIK OG HUGALJOD

Oppskrift 1840-åra av M. B. Landstad etter  
Bendik Felland, Skafsa, Mo, Telemark

1. Kong Eirik han bor i Bergens by  
han spyre sin moder om råd  
dei are kongens bon gifter seg  
hor skal eg meg ei dronning få.  
- Uti den dandsen lokkar han meg og den fruga -
2. Hugajo bor i Sverig londi  
gulli dæd kan ho spinne  
eg søve einki natt hel ljosoan dajen  
utten eg tikjer Hugajod finne.
3. Hugaljod bor i Sverig londi  
gulli det kan ho saume  
eg sove enki natti hel ljose dajen  
uttas ho bærer for meg i draume.
4. Høyrer du ded min sæle sonen  
hot eg deg seie må  
du skal einki taka noko bondedottir  
når du deg ei onno kan få.
5. Og det var kongen Eiriker  
han seg i stalhusit går  
det vil eg for sandhed seja  
sjave legge han guldsøilen på.
6. Hugaljod gjæng i sin urtehaji  
ho monne på sine urtine bite  
så seer ho kongjen Erike  
langt burt i leitene ride.
7. Og det var fruva Hugaljod  
ho ville heimatte gå  
så gjeng ho en kong Eirik imot  
dei tala so mykid då.
8. Høirer du fruva Hugaljod  
hot eg no talar til de  
du sette deg ned på breie sted  
og truine gjeve du meg.
9. Svare det fruva Hugaljod  
og det einki bære hel så  
dæ æ kje så godt sine truer burtgjeva  
sine venner og frender ifrå.
10. Og det var fruva Hugaljod  
ho ville til kjyrkjune gåe  
Erik rei ein annen vege  
dei tala einki meir om det då.

11. Og det var fruva Hugaljod  
ho kom seg liti på hei  
der møter ho sine systarne two  
dei var både vrangle og vrei,
12. Høirer du fruva Hugaljod  
kvi heve dine torir runni  
anten må du hava løjndesorg  
hellå heve du kong Eirik funni.
13. Einki hev eg noko løyndesorg  
og einki kong Eirik funni  
her bere så mangt uti minni mit  
derfor heve mine tårene runni.
14. Og det var fruva Hugaljod  
ho gjæk seg på kjyrkjegård  
det lyser af henars hovuguld  
endå meir utaf hennes hår.
15. Og det var fruva Hugaljod  
ho gjæk seg i kjyrkja ind  
det lyser af henars hovuguld  
endå meir utaf hennes kind.
16. Då messa ho var utsungji  
og fokki dæ rudde ifrå  
Erik han mindtes med Hugajos mund  
han vyrde einki kven det såg.
17. Eirik han stedes under kjyrkjeveg  
han ville på Hugaljod bie  
Hugaljod tok ein annen veg  
ho ville heimatte ride.
18. Ut kjæme Thomes biskupen  
då han ha lesi si ti  
kvi stende du hera Eirik konge  
kven agtar du uppe bie.
19. Svara det kung Eirike  
å det einki bære hel so  
eg biar på fruva Hugaljod  
eg tenkte a til dronning at få.
20. Hugaljod är bære ei bondedottir  
og du är ein kungesone  
aller blir møybonni gifte ihop  
hel når det er så stor ein umone.
21. Svara det kongin Eiriker  
og det einki bære hel så  
så skal eg henar for pæning kaupe  
kan eg hena kje ajlleis få.
22. Å det var fruva Hugaljod  
ho lagdes i sterke sot  
så sender ho bå til Eiriker kongen  
ho be han vil koma so sjot.

23. Å det var henes liten smådreng  
han springe på gangaren rød  
det vil eg for saning seia  
han rei liksom fuglen flø.
24. Og det var då den liten smådreng  
han kjæme seg ridand i gård  
ute stende kong Eirike  
han var fulla sveipt i mår.
25. Høyrer du kongen Eirike  
hot eg talar til de  
Hugaljod lig i sterke sotti  
og sender fast bå etter deg.
26. Og det var kongen Eirike  
han hevdes på gangaren rød  
det vil eg for saning seia  
han rei liksom fuglen flø.
27. Og det var kongen Eirike  
han in gjennom dynni steig  
og det var fruva Hugaljod  
ho sjuk up imot han reis.
28. Så tæk ho af seg hovugule  
ho kasta det ned til fote  
så spyter ho skire hjartebodi  
uti kong Eiriks lövi.
29. Og det var fruva Hugaljod  
ho vendte seg veggin te  
og det vil eg for saning seia  
ho døde på sama sted.
30. Så toke dei fruva Hugaljod  
dei la henar på båra-tre  
etter gjæk kong Eirike  
så hjarteleg som han gret.
31. Og det var fruva Hugaljod  
ho reistes på båra ho låg  
Gud forlåte deg Eirik konge  
syrgjande meg så sårt.
32. Dei livde ihop i al sin aldri  
med glede og mykin gama  
dei ha isamen elleve døttar  
dæ var deires størsta gama.
33. Dei ha isamen dei elleve døttar  
den tolvte var deires son  
han bar guldkrona etter fairen sin  
dæ totte Hugajo var ein mon.
34. Di livde ihop i al sin aldri  
med glede å mykid gama  
så sovna dei både i einom greftin  
frå dessi synduge dalar.

Oppskrift 1863 av Sophus Bugge etter  
Jorunn Bjønnemyr, Mo, Telemark

1. Hugaljo bur i Sværiks by  
å gulli de kann ho saume  
anten eg søve nettar hell ljose dagar  
so bere ho fyr meg uti draumé,  
- Eg ville ho va' mi å den rose -
2. Hugaljo bur i Sværiks by  
å gulli de kann ho spinne  
anten eg søve nettar hell ljose dagar  
so tisst eg 'a Hugaljo finne.
3. Hugaljo gjenge i urtegåren  
i urtinne monne ho bite  
so ser ho en kung Eirik  
fremst uti leiti han rie.
4. De va fruva Hugaljo  
ho ha seg ein kvitan hest  
ho va venast av møyø dei  
å helst av karmanno nest.
5. De va kungan Eirik  
han kom seg riand i går  
uti stende fruva Hugaljo  
ho ær væl svøpt i mål.
6. Eg helsar deg fruva Hugaljo  
hot eg talar ti de  
de gjere du fyr minne skull  
true den lovar du me.
7. Ti svora fruva Hugaljo  
ho svora 'kje verri hell så  
de' æ so vondt si troe burtgjeva  
vinir å frendar ifrå.
8. De va kungan Eirik  
han kjeme i kyrkja inn  
so ser en a fruva Hugaljo  
de lyser av hennes plomekinn.
9. De va fruva Hugaljo  
ho sto i messetrång,  
kung Eirik han gat inkji auga'i av  
der Hugaljo sto å sång.
10. De va fruva Hugaljo  
ho tålde upp gullpeningar mange  
de gav ho sin sokneprest  
fyr ho måtte oto kyrkja gange.
11. Ut kom Tomme biskupen  
då han ha lese si ti  
kvi stende du her kung Eirik  
kven aktast du ti bie.

12. Ti svora kung Eirik  
han svora kje verri hell så  
eg biar på fruva Hugaljo  
eg aktar hæna ti droning få.
13. Ti svora Tomme biskopen  
han svora kje verri hell så  
veies du slikt bondebân  
slikt monde du æ få.
14. Hugaljo æ' ei bondedotter  
å de no mæ ho væl  
eg sko hæna mæ gulli kaupe  
dersom eg æ kje aileis fær.
15. De va fruva Hugaljo  
ho kom seg der mittepå hei  
der møter ho si' systanne två  
mitt uppå Grønelihei.
16. Eg helsar deg fruva Hugaljo  
kvi heve ði tårir runni  
anten heve du ei løynde sorg  
hellå en Eirik kung finni.
17. Inkji heve eg noko løynde sorg  
å inkji Eirik kung funni  
men so snarleg kom sorgje fori mitt augo  
di hev mine tårir runni.
18. De va fruva Hugaljo  
ho laest i sterke sott  
de sende bo ette'n kung Eirik  
å be 'en vi koma skjott.
19. De va fruva Hugaljo  
ho ha inkji halltala or  
fyrr då en kung Eirik  
han stedest der innpå gov.
20. De va fruva Hugaljo  
ho tok av seg gull å gljorur  
so spyter ho de hjarteblooi  
uppi kung Eiriks lóvi.
21. Kung Eirik datt i uviti  
då Hugaljo gav upp si ånd  
Gud bære kon fader i himmerik  
me si' skyljast då so ung.
22. Dei toke æ fruva Hugaljo  
la hennar på báratre  
etti gjekk kong Eirik  
so hjarteleg han gret.
23. Upp reis fruva Hugaljo  
på bárurne der ho låg  
Gud forlåte deg kung Eirik  
gråtandes meg so sårt.

24. Dei åtte elliv døttar ihop  
å tolvt va deires son  
han bar krona etti far sin  
de tosst Hugaljo vera ein mon.
25. Dei livde adde aldrer ihop  
mæ tukt å hellige sinn  
dei sovna bâi i einom grefte  
i denne synduge heimen.

## VIRKELIGHETSBILDET I FANTASTISK DIKTNING

En sammenlikning mellom folkediktning (ballader og eventyr)  
og noen fantastiske fortellinger fra 1950- og 60-åra.  
<sup>1)</sup>

av Åsfrid Svensen

### I

#### Begrepet virkelighet

(...) the institutional order, like the order of individual biography, is continually threatened by the presence of realities that are meaningless in its terms. The legitimation of the institutional order is also faced with the ongoing necessity of keeping chaos at bay. All societies are constructions in the face of chaos. The constant possibility of anomie terror is actualized whenever the legitimations that obscure the precariousness are threatened or collapse.

<sup>2)</sup>  
Berger og Luckmann.

Noen diktere hevder at deres diktning avspeiler en ytre virkelighet, mens andre mener at diktverket skaper sin egen virkelighet. Men i begge tilfelle er det grunn til å stille spørsmål som disse: Hva er en virkelighet? Hvordan blir den til? Hvordan er den sammensatt? Hvordan opprettholdes den? Hvordan forandres den? Hvordan kan den oppleves og fortolkes på ulike måter? Hva skjer når ulike virkeligheter støter sammen?

Allerede disse spørsmålene impliserer visse synspunkter. Bl.a. framgår det av spørsmålene at de ikke søker innsikt i virkeligheten, men i flere virkeligheter, eller virkelighetssstrukturer.

Begrepet virkelighet vil her bli brukt i psykologisk og sosial forstand, men ikke i filosofisk. Jeg tar altså ikke stilling til ontologiske spørsmål: jeg tar ikke opp problemer som gjelder

en virkelighetsoppfatnings holdbarhet, heller ikke problemer omkring virkelighetens egentlige vesen. Kriteriet på at noe er virkelig, er i denne sammenheng at det oppleves og forstås som virkelig innenfor et samfunn eller av et eller flere individer.

Følgende framstilling av hva en sosial virkelighetsstruktur er, bygger i hovedtrekkene på en sosiologisk avhandling, Berger og Luckmann: The Social Construction of Reality.

Den sosialt bestemte virkelighet mennesker opplever i og omkring seg, har et materielt grunnlag: dels menneskets biologiske organisme, dels dets fysiske omverden. Men dertil består virkeligheten av alle de forestillinger, forklaringer, normer, vurderinger, holdninger osv. som oppstår i menneskers samliv med materien og med hverandre. Denne mentale siden av virkeligheten eksisterer usynlig i menneskers sinn, men den enkelte møter den også utenfor seg i form av noe objektivert, det som Berger og Luckmann kaller institusjoner. Institusjonene er samfunnets vanemønstre: alle atferdsmønstre, tankemønstre, holdningsmønstre, normmønstre osv. som eksisterer uavhengig av det tilfeldige individ som i et tilfeldig øyeblikk følger dem og dermed gjør dem synlige.

Det fysiske virkelighetsgrunnlaget og institusjonene virker gjen- sidig på hverandre. Institusjonene er noe menneskeskapt, men de materielle vilkår i det samfunn og den situasjon der institusjonene blir til, er med på å bestemme dem. Men omvendt virker institusjonene tilbake på den materielle verden for så vidt som holdninger, normer osv. bestemmer hva menneskene gjør med materien - samfunnets praktiske foranstaltninger skjer i samsvar med de innårbeidde vurderings- og handlingsmønstrene.

Den samme interaksjonen finner sted mellom mennesket og den sosiale virkelighetsstrukturen. Virkelighetsstrukturen former de mennesker som lever i den, og ganske særlig de mennesker som fødes inn i den og oppdras i den. Men virkelighetsstrukturen er menneskeskapt, og vil stadig på ny bli modifisert og omformet av nye generasjoner og individer som tar den i arv.

En gitt virkelighetsstruktur kan aldri realisere og innordne mer enn en del av den menneskelige tilværelsес fysiske, psykiske og sosiale muligheter. Uansett hvor selvfølgelig og absolutt den fortører seg for mennesker som lever innenfor den, er en virkelighetsstruktur aldri mer enn én av mange mulige, og dette gjelder for deler av strukturen så vel som for helhetsstrukturen. Dette er jo nokså opplagt når vi ser på ulikheterne mellom samfunn og kulturformer i forskjellige deler av verden og i forskjellige historiske epoker.

"All societies are constructions in the face of chaos", sier Berger og Luckmann. Gjennom den virkelighetsstrukturen de skaper, søker menneskene å ordne, forstå og mestre den formløse, kaotiske og grenseløse tilværelse de er satt inn i. Ingen greier å leve med den overveldende mangfoldighet, det ufattelige antall muligheter som tilværelsen egentlig omfatter; derfor bygger hvert samfunn sine normstrukturer og vanemønstre til vern mot uendeligheten. Virkelighetsstrukturen gir samfunnet en virkelighet som er begrenset og oversiktig, en virkelighet som menneskene har herredømme over.

Men utenfor virkelighetsstrukturens grenser ligger fortsatt kaos, for selv det mest ærgjerrige forståelsessystem med krav på universell gyldighet kan ikke undertvinge det hele og innordne

det under sine lover. Derfor er en virkelighetsstruktur alltid truet; der er alltid en mulighet for at den bryter sammen og viser seg som utilstrekkelig eller illusorisk. Den kan bli utsatt for trusler fra alternative virkelighetsstrukturer, og dessuten fra alle de elementer i den menneskelige tilværelse som ligger utenfor strukturen eller er ufullstendig integrert i den.

Hva er så dette "kaos" som ligger utenfor virkelighetsstrukturen? Berger og Luckmann omtaler det bare i vage og skiftende vendinger, og jeg kan heller ikke gå så mye inn på problemet, som bl.a. reiser vanskelige ontologiske spørsmål om virkelighetens "egentlige" karakter. Men jeg oppfatter iallfall dette utenforliggende som noe naturgitt, men uforstått, uordnet, formløst. Det har ingen metafysiske overtoner; det er ikke noe som eksisterer uavhengig av mennesker. Menneskets biologiske konstitusjon rommer en så stor mangfoldighet av muligheter at bare en liten del av dem kan realiseres i et gitt samfunn. Men de urealiserte eller bare delvis realiserte mulighetene blir liggende utenfor den sosiale virkelighetsstrukturen som potensiell virkelighet, latent virkelighet, og i noen tilfeller fortrent virkelighet. Jfr. sosialantropologen Ruth Benedict:

(...) alle samfund vælger et udsnit af den potentielle menneskelige adfærd, og i samme grad som de skaber en helhed, sigter deres institutioner mod at begunstige alle ytringer af det valgte udsnit og forhindre, at de modsatte muligheder kommer til udtryk. Men disse modsatte ytringer er ikke desto mindre de naturlige reaktioner hos en vis del af de mennesker, som alle er bærere af den samme kultur. 3)

Det som i lys av ett samfunns institusjonaliserte virkelighet fortoner seg som kaos, kan samtidig være innpasset som noe forståelig og ordnet i et annet samfunns virkelighet. En solformørkelse kan være noe ubegripelig i ett samfunn, men lar seg

forklare og forutberegne i et annet, vitenskapelig mer avansert samfunn. I det første tilfellet vil antakelig metafysiske tolkninger brukes som vern mot kaos, men solformørkelsen vil fortsatt være en marginalsituasjon, noe truende og uberegnelig. Ruth Benedict nevner transetilstand som eksempel. I vår kultur i dag regnes transe som en abnormitet, men: "Blandt primitive folk har man i allerhøyeste grad værdsat trancen og katalepsien. I en del af Kaliforniens indianerstammer fikk fremfor alle andre de, som hadde haft visse tranceoplevelser, anseelse og inflydelse."<sup>4)</sup>

Motsetningen "chaos"/"reality" eller "chaos"/"institutional order" faller derfor ikke sammen med strukturalistenes natur/kultur-motsetning, selv om den av og til kan minne om den. Naturfenomener kan snart være innordnet i den sosiale virkelighet, snart falle utenfor den, og likeså kan et sosialt formet fenomen i én kultur være et fremmed og uforståelig kaosfenomen for de som lever i en annen kultur.

Det som særlig truer den virkelighetsstruktur et samfunn eller et individ lever innenfor, er det marginale: alt det som ligger i grenseområdet mellom orden og kaos, det som ikke er fullt innbygd i en fasttømret virkelighetsstruktur, det som stritter imot den rådende lovmessighet. (Her og i det følgende bruker jeg begrepet marginal med tanke på sosial, men ikke f.eks. biologisk marginalitet.) Innenfor et samfunns befolkning fins det marginalgrupper som ikke vil eller ikke kan innordne seg under den gjeldende normalitet. Det kan være vanføre, gamle, etniske eller religiøse minoriteter, osv. Hvor mange og store disse marginalgruppene er, avhenger bl.a. av hvor romslig eller snevert samfunnets normalitetsbegrep er.

